

KYRKJEBLAD

54. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6/2000

Les i kyrkjebladet

I september var det felles møteveke på Stanghelle, og 3. september var det Søndagsskulens Dag på Dale.

Side 3.

I september var det den årlege konfirmantleiren på Fagertun.

Side 4 og 5.

50-årskonfirmantane på Vaksdal og Stamnes finn de side 6.

Me har møtt familien Dyrhol til eit siste intervju før reisa til Haugesund.

Side 11 og 12.

Bispedømemøtet var i år i Ulvik.

Side 13.

Bergsdalsstemna gjekk av stabelen 10. september.

Side 13.

NYE TELEFON- NUMMER

Kyrkjekontoret:
56 59 39 20

Kyrkjeverja:
56 59 39 21

Faks: **56 59 39 29**

STOR FESTDAG PÅ EIDLSDAL



Søndag 1. oktober var det ein stor festdag på Eidsland då kapellet der inne hadde 75-års jubileum.

Elevane på Eidsland skule laga teikningar og dikt i høve jubileet. Teikninga ovanfor er laga av Ole-André Eikefet.

Les og sjå meir side 7 - 10

VAKSDAL PRESTEGJELD**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20**Fax 56 59 39 29**

e-post:

kyrkjekontoret.vaksdal@ulvik.org

Ekspedisjonstid: Tysdag og**torsdag kl. 09.00-13.30,****onsdag kl. 10.30-13.30****Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20, e-post:

soknepresten.vaksdal@ulvik.org

Tlf. privat 56 59 73 15, e-post:

frode.kvamsoe@c2i.net

Mobiltlf. 90 19 65 14

Kapellan:

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Mobiltlf. 90 84 06 24

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

KÝRKJEBLAD FOR**VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:Ragnvald Kringlebotten,
5724 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
e-post: ragnvald_02@yahoo.no**Kasserar:**Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.**Retur til:** Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.**STOFF TIL NESTE NR.**må vera kome redaktøren i hende innan
15. november 2000.Bladet kjem ut i veke 50 som byrjar
med 11. november.

Ragnvald

NYTT KYRKJE-KONTOR

Midt i september månad var det endeleg tid for å flytta inn i nytt kyrkjekontor. Det var tidlegare doktorkontor for Kari Hegge.

Sjølv om kontorassistenten, soknepresten og kyrkjeverja er på plass, er det ein god del som framleis står att før ein er ferdig med alle detaljar.

Der er det også eit kontor som kantorar, organisten og kapellamen kan nytta.

Møterommet er felles med Vaksdal kulturskule, som har overteke det som var kyrkjekontor tidlegare.

For kyrkjeverja er det i alle fall mykje lettare nå når han har fått kontorfellesskap med dei andre på kyrkjekontoret.

Så me ynskjer alle tillukke med det nye kontoret.

Bibel-konkurranse

Under Daledagane skipa Dale sokneråd til ein bibelkonkurranse. Vinnarane vart:

1. premie gjekk til Randi Kydland, Stamnes, som fekk ein boksjekk frå Petersen & Ypsøy pålydande kr. 200,-

2. og 3. premie var boka "Kyrkjestaden Dale 100 år. Dei gjekk til Kari Blåflat, Stanghelle og Per Småbrekke, Bergsdalen.

Me gratulerer vinnarane som har fått premiane sine.

KÝRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 100,-**hjå Petersen & Ypsøy**
og på Kyrkjekontoret.**Boka kan tingast frå****Kyrkjekontoret, Boks 113,**
5721 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20**Godkjende leverandørar av gravminner**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminner må være innanfor forskriftene i gravferdsloven.

Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane Stein AS

Sæthre Stenindustri AS

Kjøl Stenindustri

Øien steinhuggeri

Brødrene Strand Stenhusggeri AS

Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenningar i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

Felles møteveke

12. – 17. september var det felles møteveke på Stanghelle bedehus for Dale, Vaksdal og Stanghelle indremisjonar. Talarar var Reidun Skurtveit og Sven-Arne Hetlebakke frå Nordhordland Indremisjon.

Denne formen for felles møteveker har vore nokre gonger nå, og det har vore ei positiv erfaring. For det første vert det fleire som kjem på møta, og på den måten kan ikkje minst felles-songen verta styrkt. Det at ein på slike møte får treffa andre personar enn dei ein til dagleg møter, er også ei positiv erfaring. Det sosiale er også ein positiv ting oppi det heile, så dette samarbeidet kjem nok til å halda fram.

Men det er sjølv sagt lov å vitja kvarandre sine møte også når det ikkje er felles opplegg.



Songkoret "Kilden" sytte for song på haustfesten som avslutta møteveka på Stanghelle.
Foto: Ragnvald Kringlebotten



Reidun Skurtveit og Sven-Arne Hetlebakke tala og song på Stanghelle bedehus.

Søndags-skulens Dag

3. september vart Søndags-skulen Dag skipa til. I år var det Dale sin tur til å vera tilskipar.

Det heile tok til med familie-gudsteneste i Dale kyrkje, før me tok turen til Dale bedehus. På Dale bedehus hadde me først ei matøkt før me fekk ta del i eit sporløp inne i bedehuset, der me fekk setja dei små grå på prøve.

Det heile vert så avslutta med ei songstund.



Vaksdal Familiekor deltok ved gudstenesta i Dale kyrkje under Søndagsskulens Dag.
Foto: Ragnvald Kringlebotten

Konfirmantleir

God stemning og god innsats er stikkord for den årlege konfirmantleiren som fann stad ei helg midt i september. Som tidlegare var det leir-staden Fagertun i Eksingedalen som husa vel 50 konfirmantar og leiarar. Konfirmantane vil vel meine at det kunne vore mindre program og meir fritid desse dagane, men høve til å kjeia seg fekk dei i alle fall ikkje noko særleg.

Økter med undervisning og førebuing til gudstenesta sundag var fordelt utover fredagskvelden og laurdags føremiddag og kveld. Konfirmantane vart delte inn i grupper, som på ulikt vis skulle førebu seg til ulike deler av gudstesta. Preika var om den blinde Bartimeus som vart helbreda av Jesus utafor Jeriko. Ei gruppe skulle fortelje om geografi og andre høve rundt byen og i området, ei gruppe skulle skrive om hendelsa i

lokalavisa, ei skulle lage kollage for å formidla teksten sin bodskap, og ei gruppe dramatiserte det som skjedde medan teksten varet lesen. Formulering av bøner til gudstenesta var ei gruppe si oppgåve, den siste gruppa skulle danse til salma vi song medan vi gjekk ut av kyrkja.

Regnet hindra oss ikkje frå å få ei god uteøkt laurdag, og sanneleg vart det ikkje ei økt ute natt til laurdag og! Då vart konfirmantane henta ut frå soveromma for å vere med på sporleik med lommelykt og refleks. Før dei skulle gå i seng att fekk alle varme seg på hotdog og kakao.

Takk til leiarane som sytte for mangt frå mat og varmt vatn, til underholdning på laurdagskvelden og eit øyre som kunne lytte.

Frode Kvamsøe




Frå gruppearbeidet, konfirmantane i alle gruppene.

Foto: Frode Kvamsøe



Frå gudstensta, der eine grupper syner fram collagen dei laga.

Foto: Kjartan Gullbrå



Fire konfirmandar kledde for anten soving eller rangling!

Foto: Frode Kvamsøe



VAKSDAL Frå venstre: Nora Olsen Fjellanger, Erling Helle, Astrid Skreien Johansen, Ragnhild Sæterdal Torp, Inge Skulstad, Bjørg Melcher Stürtzel, Herborg Larsen Geitle, Kåre Boge og Ernst Stürtzel.

(Foto: Bjørn Knutsen)



STAMNES Framme frå venstre: Jorunn Nansy Simmenes, Erna Bjørg Johnsen Vedaa, Agnes Ingeborg Stamnesfet, Maud Helen Stien Bech Hansen, Erna Reidunn Stien Stamnes og Gudrun Rigmor Eikefet Stien.


Bak frå venstre: Sverre Dagfinn Dyvik, Ingolf Alf Gullbrå, Arne Stamnesfet, Viktor Øyvind Vik og Lars Eide.

(Foto: Magne Solhaug)

75-årsfest på Eidsland

Søndag 1. oktober var det stor festdag på Eidsland når det vart jubilert i høve at kapellet var 75 år. Fint og strålende ver sytte for at det vart ein

ugløymeleg fest for alle som var til stades. Nedanfor tek me med ei teikning og to dikt i høve jubileet. Meir finn de på sidene 8, 9 og 10.



Teikna av Tonje Mo

Kyrkja er så kvit og fin,
Der den lyser opp i solskin.
Den blir nå 75 år.
Gudshuset som på øyra står.

Den første gong eg i kyrkja var,
Var då dei meg til dåpen bar.
Eg var liten, men Gud er stor,
Han fylgjer meg kvar eg går på jord.

Eg er glad i kyrkja vår,
Og håpar at den lenge står.
Midt i mellom fjell og fjord,
Her på Guds eiga vakre jord.

Daniel Stamnes

Når eg går inni kyrkja føler eg meg trygg,
Eg sit med bestemor mi og syng.
Me høyrer preika og tenkjer på Gud.

Når me er ferdige går me til bestefar si grav.
Eg set meg på kne og snakkar til han.

Eg er glad det er kyrkje her, fordi det er Guds hus,
Og folk kan vera saman i lys og varme.

Maritha Møster



Fv. er her prestane Magne Olav Steinnes, Bård-Egil Dyrhol, Per Einar Sønnesyn, Frode Kvamsøe, og prost Knut A. Knutsen samla på kyrkjetrappa saman med Gunvor Bjørsvik.

Foto: Ragnvald Kringlebotten




Hege Eide Vik sytte for song både i kyrkja og på festen etterpå. Her ser me ho på festen med tonefylgje av Tone Synnøve Øygard Steinkopf.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Skuleborn frå Eidslandet skule saman med Anita Vik sytte for fin song i kyrkja.

Foto: Jan Egil Dyvik, Hordaland



Skuleborn frå Eidslandet skule underheldt også på festen

Foto: Ragnvald Kringlebotten




Vaksdal trekkspelklubb underheldt på festen, her med solistane Øystein Steinsland og Hege Eide Vik.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Harald Nesi fekk stor takk frå kyrkjeverje Svein Tøsse for innsatsen i kyrkja på Eidsland.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Mykje god mat og drøs rundt borda skapte ei fin ramme rundt festen i Grendahuset.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

TAKKSAME FOR DET SOM HAR VORE – GLADE FOR DET SOM KJEM

Det er berre litt litt over ei vike til Bård-Egil, Elisabeth og Frida forlet Vaksdal, og kyrkjebladet bryt inn i flytteførebuingane for eit siste intervju.

- Det er stressande å vere i flytteprosessen. Vi reiser frå ein kjent kvardag, til noko som er nytt og ukjent. Det vert derfor godt å ha familie og venner rundt seg. Vi er takksame for tida her, og gler oss til det som ventar. Sjølv om vi har valt å flytte, er det vernodig å flytte frå ein stad der ein har trives.

Elisabeth seier ho har likt seg godt i arbeidet ho har hatt, og kjem til å sakna jobben i kommunen. Men dei valde å nytte seg av dette høvet til å kome til Haugesund, Elisabeth sin heimstad.

- Det siste året har gått fort og gjeve store endringar for oss, med graviditet og sjukdom i samband med denne, tilsetjing, fødsel og flytteførebuing.

Det vert sagt at det ikkje er lett å vere innflyttar på Vaksdal. Korleis har de funne dykk til rette på Vaksdal, både med omsyn til kyrkjeliv og i miljøet elles?

- Fyrst må vi seie at vi har budd veldig fint til, med god utsikt og eit greitt hus. Men det stemmer nok at er du inn-flyttar, så vert du innflyttar for alltid. Kontaktnettet vårt er difor størst i kyrkje- og bedehusmiljøet.

Dei fyrste åra var Elisabeth med i barne- og ungdoms-arbeidet på Vaksdal, både i speidaren og i det kristelege ungdomslaget i Bedehuset.

- Vi har elles nytta frihelgene til å vitje familie og venner. I le-

dige stunder slappar eg av med strikketøy eller aviser, mens Bård-Egil har gått ein del i fjellet, både på snø og på barmark, seier Elisabeth.

Korleis har det vore å vere prestekone, Elisabeth?

- Det har vore til å leve med. Eg har hatt eit sjølvstendig tilverre, og det å vere prestekone har ikkje vore nokon belastning.

Det vert ei overgang for dykk - frå bygd til by?

- Vi vil nok sakne stilla, fjella og utsikta frå Vaksdal. Men i Haugesund kjem vi nærrara til dømes serviceinstitusjonar, slik at vi ikkje må planleggje så nøye lengre når noko skal gjerast eller kjøpast inn. Elles har vi allereie eit stort sosialt nettverk der, med både familie og venner i nærleiken. Førebels skal vi bu i sentrum, i

den tidlegare prostebustaden, men planen er at det skal byggjast ny prestebustad nord i byen i løpet av omlag eit år.

Kva erfaring frå Vaksdal vil du få særskild nytte av i Haugesund, Bård-Egil?

- I desse åra har eg fått ein tryggleik i dei oppgåvane eg gjer som prest, som har gjort at eg hadde frimod til å søkje i Skåre. Eg hadde berre eit år med røynsle som vikarprest då eg kom, men no har eg fått med meg ein del erfaring. I tenesta har eg vore innom det meste, og no kjenner eg det slik at eg har utvikla ein allsidigleik som vil kome godt med i Haugesund. Særleg gjeld dette i gudstenestearbeid, mykje grunna godt teamarbeid mellom prestar og organistar, i konfirmantarbeid og i sorgarbeid.



Elisabeth, Bård-Egil og vesle Frida ser fram til å koma til Haugesund.

Bård-Egil vil gjerne gje honnør til alle dei trufaste kyrkjegjengarane i prestegjeldet.

Likevel saknar han eit par generasjonar kyrkjegjengarar. Når dei ikkje er med, vert det ikkje ein "heil" kyrkjelyd som er samla.

– Dei fleste eg møter er positive til kyrkjelydsarbeidet, sjølv om dei ikkje sjølve er

aktive i det. Det er og mykje bra arbeid som vert driven av dei friviljuge organisasjonane i Vaksdal, seier han.

Bård-Egil har vore med i to av dei seks sokneråda; Vaksdal og Stamnes.

– Då eg kom, la eg merke til at mykje av sokneråda sitt arbeid gjekk på det å vere festarrangørar og kyrkjekaffi-komitear. Seinare har det vore ei god utvikling i retning av strategisk tenking i kyrkjelyds-arbeidet, og i sokneråda er det rom for opne og gode diskusjonar.

Kva oppgåver har vore tyngst som prest, og kva har vore lettast?

Det tyngste arbeidet er nok sorgarbeidet, sjølv om det samstundes er eit takksamt arbeid, fordi det gjev attende ei kjensle av å vere til nytte, at det er trong for det ein gjer. Elles kjennes all køyringa og dei lange avstandane tungt, særleg om vinteren. Avstandane gjer det og slik at eg kjenner på å ikkje strekkje til i tenesta. Det er vanskeleg å få gjort så mykje som ein skulle ynskle til dømes for dei i Eksingedalen, samanlikna med dei i Vaksdal og Dale sokn. Det gode medarbeidarskapet, og fråver av konfliktar, er noko som gjer det lett å arbeide i Vaksdal prestegjeld

I beste tabloidstil har vi bede Bård-Egil gje nokre korte svar på korte spørsmål (men lete vere å be han gje ternerkingkast!)

Di største tabbe?

Den gongen eg gløymde ein konfirmanttime på Vaksdal. Konfirmantane hadde stått utanfor kyrkja og venta i det därlege veret ei tid, før dei kom på døra og spurde varsamt om ikkje det skulle vere undervisning...

Og ein gong hadde eg avtala samtale med to foreldreprar som skulle ha dåp. Vi skulle samlast heime hjå det eine paret, men måtte gjere ny avtale då eg hadde gløymt den fyrste...

Di beste preik?

Om det var den beste preika eg har hatt veit eg ikkje, men: Preika eg hadde ein Såmanns-sundag på Dale er den preika eg ha fått mest respons på. Då hadde eg med meg korn fra Vaksdal, og dette "sådde" eg utover kyrkjelyden medan eg gjekk ned midtgangen i kyrkja under preika. Ein skulle tru at augene på borna skulle trille ut!

Di beste oppleveling?

Ein familiegudsteneste på Stamnes. Det var utdeling av bok til fireåringane og speidaraane var der. Det var full kyrkje, og mykje liv!

Di verste oppleveling?

Den hendte 17. februar 1998. Då kolliderte eg med Asconaen i svingane før Kaland, på veg til ein samtale i samband med eit dødsfall. Samtale vart det, og etterpå bar det til sjukehuset på Voss for kontroll. Bilen vart kondemnert, men eg kom godt frå det. Og i samtalen vart det vel heller slik at dei eg var hjå, tok seg av meg, meir enn at eg tok meg av dei.

Noko du har fått til?

Familiegudstenestene. Eg tykkjer og vi har fått til arbeidet med samtalegudstenestene saman med konfirmantane.

Noko du ikkje har fått til?

Kontorarbeid er ikkje mi greie! Eg er glad for at kyrkjebokføringa vart flytt til Kyrkjekontoret, og at eg ikkje har ansvar for kontordrifta der eg skal no.

Kor mykje bil har du køyrd?

I tenestekøyring har eg nok køyrd minst 50.000 km. Om eg då har køyrd i 60 km/t. i snitt, har eg nytta over 20 arbeidsveker bak rattet i desse åra.

Familien Dyrhol
si adresse
frå 16. oktober:

**Røldalsveien 11,
5521 Haugesund**

Bispedømemøtet

I slutten av september var det bispedømemøte i Ulvik i Hardanger. Annakvart år vert dette møtet arrangert, og dei som var invitert denne gongen var soknerådsleiarane og sokneprestane i bispedømet. Bispedømerådet og biskopen var med, saman med fleire av medarbeidaraane ved bispedømeadministrasjonen. Særlege tema på det to dagar lange møtet var ungdomsarbeid og leiing av kyrkjelydane, men gudsteneste, song og godt samver var òg viktige ingrediensar.

Frå vårt prestegjeld møtte Lise-Lotte Småbrekke frå Bergsdalen, sokneprest Frode Kvamsøe, og Oddveig Straume frå Dale, her fotografert saman med ein "gamal kjenning", biskop Ole D. Hagesæther.

Foto: Knut Corneliusen



Bergsdalsstemna

10. september vart det tradisjonelle Bergsdalsstemnet skipa til. Denne gongen var det omlag ein månad seinare enn vanleg.


Først var det gudsteneste, som i år var ved Bård-Egil Dyrhol. Dette var Dyrhol si siste gudsteneste i Bergsdalen. Under gudstenesta deltok familien Lie frå Sotra med song.

Etter gudstenesta var det matøkt der me fekk servert dravle, pølse og brød og blautkake.

Det heile vart så avslutta med ei songstund med familien Lie.

Under gudstenesta fekk 4-åringar i Bergsdalen boka "Mi kyrkjebok". Til venstre ser me dei saman med Bård-Egil Dyrhol.

Tekst/foto: Ragnvald Kringlebotten



**ALT I KJØKKENINREDNING
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar * Koldtbord * Begravelses-sammenkomster
* Overtidsmat * Møtelokale * Video * Stor-kiosk
Fast-food * Pizza * Musikk * Verksted * Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36-Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaaajo@online.no

PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel – Gåver – Foto
Kiosk – Tipping – Rikstoto.
Tlf. 56 59 61 58.


Kontormateriell – Data
Leiker – Hobby – Fotorammer,
i andre høgda på Dale Handelsforening.
Tlf. 56 59 79 80.



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.



Trelast og byggevarer



DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5722 Dalekvam



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
Avd. Stanghelle 56 59 50 35



K. Seim A/S,
Boks 114,
5721 Dalekvam
tlf. 56 59 62 23
Faks. 56 59 67 61

**Dei smarte sparar tid & peng.
Her kan du handle det du treng.**



SAMVIRKELAGET

INDRE VESTLAND

Avd. Vaksdal Senter tlf. 56 59 46 61

Tida for vinter nærmar seg

**Me har gode tilbod på vinterdekk.
Ta turen innom**

DALE AUTO SERVICE A/S 

Postboks A, 5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 66 35

Musikk-gudsteneste

eller ei gudstenestleg handling med song, tekstlesing og mykje musikk

Sundag 26. november skjer det noko spesielt i Vaksdal kyrkje. I staden for ei vanleg gudsteneste vert det ei gudstenestleg samling med orgelmusikk, tekstlesing og salmesong. Det er siste sundag i kyrkjeåret og "doms-sundag". Tekstane for dagen har ei djup alvorstone i seg. M.a. er preiketeksta for dagen forteljinga om dei ti brurmøyane (Matt. 25. 1-13).

Når det gjeld musikken denne dagen, får ein høve til å høre Max Reger sin store og dramatiske orgelfantasi over koralen "Sions vekter hever røsten" ("Wachet auf, ruft uns die stimme"). Likeins får ein og høre J.S. Bach si kjende bearbeidning av den same koralen. Alle er velkomne til ei litt uvanleg form for gudsteneste denne dagen.

Konsert med fløyte, fiolin og orgel

4. Desember kl. 19.30

Vaksdal kyrkje

Det er duka for ein fin konsert med kammermusikk i Vaksdal kyrkje mandag 4. des. Violinisten Dag Anders Eriksen frå Bergen filharmoniske orkester

og fløytisten Magnus Irving, freelance musikar med engasjement i mange symfoniorkester, vil saman med vår eigen kantor Tone Synnøve Ø. Steinkopf framføre musikk frå barokken. Det vert musikk framført som solo, duett og trio av komponistane Bach og Telemann. Mellom anna får me høre triosonate frå "Das Musikalisches Opfer". Denne har ein veldig interessant bakgrunn og historikk, kan hende får me høre den òg?

SLEKTTERS GANG

DØYPTE



DALE


03.09 Sebastian Bosåen Knutsen
03.09 Jens Kallestad Solstad

VAKSDAL

03.09 Andrea Sivertsen Berge

STAMNES

24.09 Vilde Myster Dyvik



VIGDE



NESHEIM

09.09 Olav Gullbrå og Anita Helen Brekkhus

VAKSDAL

01.09 Tone Elisabeth Amundsen og Jan Hansen, vigde i Storetveit kyrkje



AVLIDNE



DALE

04.09 Agnes Andersen, f. 1918

EIDSLAND

04.09 Klara Næset, f. 1918

EKSINGEDELEN

08.07 Aslaug Brørvik, f. 1926

STAMNES

06.09 Paul Langeland, f. 1929



Ny kapellan i Vaksdal prestegjeld



Foto: VP-foto Esben Hesjedal

Edvard Bø, som i dag er kapellan i Eidsvoll vart på møte i bispedømerådet i Bjørgvin tilsett som ny kapellan i Vaksdal prestegjeld.

Edvard Bø, biletet ovanfor er 42 år. Han har slekt i Eksingedalen.

Me reknar med at han kan ta til i stillinga over nyttår ein gong. Nærare om dato og slikt kjem me attende til i neste nummer.

C-POST

FULLDISTRIBUSJON

Returadr.:

Vaksdal Kyrkjeblad

Postboks 113, 5721 Dalekvam

VELKOMEN TIL KYRKJE



22.okt. - 19.søndag etter pinse

DALE kl.11. Festgudsteneste. Dale Søndagsskule 100 år. Kvamsøe og Lavik.
BERGSDALEN kl.16. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk misjon i Øst.

29.okt. - Bots- og Bededag

VAKSDAL kl. 11. Bededags-gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. **Offer til Kirkens SOS.**
EKSINGEDELEN kl.11. Bededagsgudsteneste. Larsen. Nattverd. Offer til Kyrkjelyds-arbeidet.

5.nov. - Helgemessesøndag

EIDSLAND kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Bymisjons i Bergen.
DALE kl.18. Tomasmesse. Kvamsøe og Larsen. Nattverd. Offer til Kirkens SOS i Bergen.

12.nov. - 22.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Familie-gudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til IKO.
STAMNES kl.11. Familie-gudste-neste. Larsen. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Stamnes og Straume søndagsskular.

19.nov. 23.søndag etter pinse

DALE kl.11. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok" til 4-åringar. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

26.nov. – Siste søndag i kyrkeåret

VAKSDAL kl.11. Musikk-gudsteneste. Gudstenesteleg samling med song og mykje musikk. Offer til Kyrkjelyds-arbeidet.

3.des. – 1.søndag i advent

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Evangelie-senteret.
STAMNES kl.18. Lysmesse. Kvamsøe, Larsen og konfir-mantane.

Måndag 4.desember

VAKSDAL kl.19.30
Kammerkonsert.

10.des. – 2.søndag i advent

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Aksjon Håp.
VAKSDAL kl.19. Advents-konsert.

BERGSDALEN kl.16.

Lysmesse. Kvamsøe.

EKSINGEDELEN kl.16.

Lysmesse. Larsen. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok".

EIDSLAND kl.18. Lysmesse.

Larsen. Utdeling av "Barnas Kyrkjebok".

KONSERT

I VAKSDAL KYRKJE Måndag 4.des. kl.19.30

Dag A. Eriksen - fiolin
Magnus Irving - fløyte
Tone Synnøve Øygard -
Steinkopf – orgel
Barokkmusikk av Bach og Telemann

ADVENTSKONSERTAR

Vaksdal kyrkje 10.12 kl.19.00	Adventskonsert
Stamnes kyrkje 17.12 kl.16.00	"Vi syng julalinn"
Dale kyrkje 18.12 kl.18.00	"Vi syng julalinn"



Adventsleir på Fagertun

1. – 3. desember

Alder: 5. – 7. klasse

For informasjon og på-melding:

**Noregs Samemisjon Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.
Tlf. 55 31 65 06**

